

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 19.08.2011
Sakhandsamar: **Jan Erik Lorentzen m.fl.**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per juni og juli 2011**

Arkivsak
2011/11/
Styresak 086/11 O

Styremøte 07.09. 2011

Forslag til vedtak

Styret tek rapporteringa frå verksemda per 31. juli 2011 til etterretning.

Oppsummering.

Ventetidsutviklinga per juli 2011 syner at ventetidene i hovudsak har gått ned for behandla pasientar og opp for ventande, når ein ser på alle fagområde samla. Basert på historikk er dette ei forventa sommarutvikling. Den gjennomsnittlege ventetida for alle som starta behandling i juli var 58 dagar, medan ventetida for dei som framleis venta ved utgangen av månaden var 90 dagar.

Aktivitetsnivået innan den somatiske sektoren er høgare enn til same tid i 2010, medan aktiviteten i hovudsak er noko lågare innan psykisk helsevern. Unnataket er dagbehandling og poliklinisk aktivitet innan psykisk helsevern for vaksne, kor aktiviteten er høgare.

Talet på fristbrot og langtidsventande har gått litt opp i juli samanlikna med dei føregåande månadene, medan talet på korridorpatientar innan somatikk og psykisk helsevern har gått litt ned.

Akkumulert resultat pr juli er positivt med kr 251,9 mill som er kr 91,5 mill betre enn budsjett. Helse Stavanger har realisert 58 % av planlagd effekt av omstillingstiltaka. Helse Fonna har kun hatt 16 % av forventa effekt medan Helse Førde har ei realisering på 73 % av planlagd effekt pr juli. Alle føretak med unntak av Helse Fonna og Helse Førde og fellesområdet i føretaksgruppa melder ei prognose som tilsvarer budsjettert resultatkrav. Helse Fonna si prognose pr juli viser eit overskot på kr 1,5 mill som er kr 8,5 mill svakare enn budsjettert resultatkrav. Helse Førde har utarbeidd ei prognose for året som viser eit resultat som er kr 20 mill dårlegare enn budsjettert. Helse Vest har ved utgangen av juli ein netto likviditet på minus kr 560 mill. Samla sett er driftskredittramma vurdert til å vere tilstrekkeleg.

Sjukefråværet i tal sjukefråværsdagsverk er på om lag same nivå som for same månad 2010. På grunn av hovudferieavviklinga i deler av juni og heile juli er det vesentleg færre moglege utførte dagsverk. Dette gir høgare sjukefråvær i prosent. Sjukefråvær i tal fråværsdagar er vesentleg lågare enn månadar utan ferieavvikling. Gjennomsnittleg lengde sjukemeldt sjukefråvær er per utgangen av juli 9,9 dagar. Brutto og netto månadsverk ligg framleis høgare for alle månadar så langt i 2011, samanlikna med 2010.

Fakta

Denne rapporten er utarbeidd med basis i informasjon per 31. juli 2011. Under sak 74/06 B og sak 80/07 finn ein oversikt over indikatorane brukt i rapporten med tilhøyrande definisjon. Grenseverdier som er vedtekne av styret finn ein i sak 14/07 B og sak 80/07.

Den helsefaglege delen av verksemdrapporteringa består av fire målekort: aktivitetsutvikling, ventetidsutvikling, epikrisetider og tertialsvisе indikatorar. Dei tre første målekorta består i all hovudsak av månadlege indikatorar, medan det siste målekortet har tertialsvisе indikatorar.

Kommentar

1. Aktivitetsutvikling

Dei data som blir nytta til å syne aktivitetsutviklinga er tal som helseføretaka sjølv har rapportert inn. Biletet nedanfor syner endring i aktivitetensnivået per juli 2011, samanlikna med tal per juli 2010.

Aktivitetsutvikling		Resultat	Mål	Status
Somatikk				●
Aktivitet målt i DRG-poeng		5,4%	1,5%	●
Aktivitet målt i opphald		3,9%	1,5%	●
Poliklinisk aktivitet		6,4%	4,5%	●
Psykisk Helsevern for Barn og unge				●
Aktivitet døgntil behandling		-7%	2%	●
Aktivitet dagbehandling		-6%	5%	●
Psykisk helsevern for voksne				●
Aktivitet døgntil behandling		-2,4%	2%	●
Aktivitet dagbehandling		6,9%	5%	●

Somatikk

Dei absolutte tala syner at det totalt blei generert rundt 143 000 DRG-poeng dei sju første månadene av 2011. Berre Helse Førde HF hadde ein lågare DRG-produksjon enn i 2010. Det samla talet sjukehusopphald var om lag 141 000 og av føretaka hadde Helse Fonna HF eit lågare aktivitetsnivå enn førre år. Det samla talet polikliniske konsultasjonar var tilnærma 472 000. Alle dei fire helseføretaka har eit høgare poliklinisk aktivitetsnivå så langt i 2011, enn til same tid i 2010.

Psykisk helsevern

Per juli 2011 var aktivitetsnivået innan barne og ungdomspsykiatrien både målt i liggjedøgn og dagbehandling lågare enn til same tid i 2010. Talet liggjedøgn til no ligg rett over 8 100 medan talet på dagopphald var 64 500. Helse Fonna HF og Helse Førde HF har færre dagopphald enn førre år, og begge HF-a har generert færre liggjedøgn. I Helse Førde HF er reduksjonen i liggjedøgn i tråd med styrevedtak om å redusere sengjetalet. I Helse Fonna HF skuldast låg aktivitet mellom anna at ein har måtta stoppe inntak av pasientar ved BUP-Stord grunna mangel på psykiater.

Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern for vaksne var lågare enn i 2010 målt i talet liggjedøgn, og høgare målt i talet dagbehandlingar. I absolutte tal har det blitt generert om lag 147 000 liggjedøgn og gjennomført nær 126 000 polikliniske konsultasjonar og dagopphald. Alle dei fire helseføretaka har generert noko færre liggjedøgn så langt i 2011, medan det berre er Helse Fonna HF har hatt ein lågare dagbehandlingsaktivitet enn i 2010. I Helse Bergen HF er det ei ønska vridning frå døgntil behandling til polikliniske behandling.


2. Ventetidsutvikling

Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle som starta behandling i juli 2010 var på 58 dagar. Ein må då ta omsyn til at volumet av elektiv behandling er lågare om sommaren.

Målsettinga Helse Vest har fått i Oppdragsdokumentet, er ned mot 65 dagar ved utgangen av året.


Figuren nedanfor viser ventetidsutviklinga per helseføretaka for pasientar som har starta behandling.

Samla ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde



Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle pasientar som framleis venta på behandling i Helse Vest ved utgangen av juli 2011 var 90 dagar, fordelt på 68 dagar for prioriterte og 115 dagar for ventande utan prioritet. Figuren under viser samla ventetida for alle ventande fordelt per helseføretak.


Samla ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde



Somatikk


Den samla gjennomsnittlege ventetida for ventande innan somatikken var 89 dagar ved utgongen av juli. For pasientar med prioritet var ventetida 66 dagar, og for pasientar utan prioritet var ventetida 116 dagar. I figuren nedanfor er samla gjennomsnittleg ventetida for ventande vist per helseføretak.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – somatikk



Ser ein på ventetidene for pasientane som starta somatisk behandling i juli 2011, så var dei 52 dagar for prioriterte og 74 dagar for ventande utan prioritet, noko som gir 58 dagar i snitt for alle behandla. Samla ventetid for behandla fordelt per helseføretak er vist i figuren under.


Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – somatikk



Psykisk helsevern for barn og unge


Den gjennomsnittlege ventetida for ventande med prioritet innan BUP var 74 dagar, og for ventande utan prioritet var ventetida 109 dagar ved utgangen av juli 2011. Samla ventetid for alle som venta på behandling var 81 dagar.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – BUP



Den samla ventetida for pasientane som starta behandling i juli 2011 var 63 dagar i gjennomsnitt. Ventetida for prioriterte pasientar var 63 dagar, medan ventetida for dei utan prioritet var 62 dagar. Utfordringane knytta til BUP i Helse Fonna/Stord er framleis ikkje løyst. Administrerande direktør kan orientere nærare om dette i styremøte.


Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – BUP



Psykisk helsevern for vaksne


Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle ventande innan psykisk helsevern for vaksne var 77 dagar ved utgangen av juli 2011. Ventetida for ventande med prioritet var 48 dagar og 124 dagar for dei utan.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – PH vaksne



For pasientar som starta behandling i juli 2011 var den samla gjennomsnittlege ventetida 47 dagar. Prioriterte pasientar hadde ei gjennomsnittleg ventetid på 43 dagar, medan ventetida for pasientar utan prioritet var 65 dagar.

Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – PH vaksne



3. Fristbrot og langtidsventande


Helseføretaka har arbeidd aktivt med å få ned talet på fristbrot sidan sommaren 2010, med målsetting om at fristbrot ikkje skal førekome. I tabellen nedanfor finn ein fire ulike mål på fristbrot.

Samla utvikling i tal og prosentdel fristbrot for Helse Vest

Tid	Fristbrot							
	For ventande ved periodeslutt		Der helsehjelpa har starta i perioden		Totalt (NPR-utrekning)		Nye fristbrot (Med frist i per.)	
	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst
2010-jul	4178	13 %	1082	19 %	5260	14 %	2605	25 %
2010-aug	4237	14 %	2189	25 %	6426	17 %	3101	30 %
2010-sep	3479	11 %	2781	24 %	6260	15 %	2986	25 %
2010-okt	3023	10 %	2215	21 %	5238	13 %	2489	20 %
2010-nov	2032	7 %	2273	18 %	4305	10 %	2031	18 %
2010-des	1367	5 %	1530	15 %	2897	8 %	1451	11 %
2011-jan	1158	4 %	1285	11 %	2443	6 %	1536	14 %
2011-feb	973	4 %	1031	9 %	2004	5 %	1155	10 %
2011-mar	843	3 %	999	8 %	1842	5 %	1177	10 %
2011-apr	920	4 %	740	8 %	1660	5 %	1085	10 %
2011-mai	1049	4 %	1004	9 %	2053	5 %	1394	11 %
2011-jun	1133	4 %	1019	10 %	2152	6 %	1433	12 %
2011-jul	1969	7 %	566	10 %	2535	8 %	1553	15 %

I den månedlege rapporteringa til Helse- og omsorgsdepartementet (ØBAK) er det delen fristbrot for pasientar som har starta behandling som skal rapporterast. Tabellen under viser utviklinga i delen fristbrot for behandla pasientar fordelt per helseføretak, samt for dei private ideelle sjukehusa (samla).


Utvikling i tal behandla pasientar med fristbrot per helseføretak



Ein må ta høgde for at utviklinga ein ser i Helse Fonna HF heng saman med utfordringar knytt til innføring av DIPS, slik ein og hadde ved innføringa av DIPS i Helse Stavanger HF og Helse Bergen HF.

I Helse Vest er det og sett i verk tiltak for å redusera talet langtidsventande. Figuren under viser utviklinga i det talet langtidsventande fordelt per helseføretak.

Utvikling i tal langtidsventende (1 år+) per helseføretak




Utfyllende kommentarar knytta til ventetider og fristbrot per HF, er vist i eiga sak (Sak 094/11 O)

4. Korridorpasientar


Figurane under viser utviklinga i bruk av korridor plassar per måned innan psykisk helsevern og somatikk fordelt per helseføretak.

Gjennomsnittleg tal korridorpatientar per dag innan somatikk



I Helse Stavanger HF og Helse Bergen HF har det vore moderat bruk av pasienthotell og korridorbruken har og samanheng med mange utskrivingsklare pasientar i sjukehusa. Frå 1. januar 2012 blir det i samband med samhandlingsreforma innført betaling for kommunane frå første dag for utskrivingsklare pasientar innan somatikken.

Gjennomsnittleg tal korridorpatientar per dag innan psykisk helsevern



Situasjonen i Helse Bergen HF blir følgt opp i tett dialog med føretaket. Dei tidlegare planlagde tiltaka skjer etter tidlegare vedtekne tidsplan. Det er grunn til å tru at realiseringa av desse tiltaka vil styrke kapasiteten innan akutteiningane og gje redusert bruk av korridorpassar.

Utfyllande kommentarar knytta til korridorpatientar per HF, er vist i eiga sak (Sak 095/11 O)

5. Økonomi


5.1 Resultat

	Juni			Juli			Hittil pr. juli		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest	479	788	-309	3 504	3 572	-68	10 203	7 898	2 305
Helse Bergen	53 741	23 969	29 772	9 057	7 368	1 689	140 230	99 108	41 122
Helse Fonna	-828	910	-1 738	-1 448	773	-2 221	-6 565	6 126	-12 691
Helse Førde	-12 474	-3 116	-9 358	-613	-3 076	2 463	-29 941	-23 522	-6 419
Helse Stavanger	3 289	3 325	-36	656	3 358	-2 701	27 786	23 312	4 474
Fellesområde, føretaksgruppa	-228	3 452	-3 681	25 375	2 140	23 236	102 786	41 543	61 243
Administrasjonen	-1 714	902	-2 616	4 372	1 712	2 661	5 122	1 493	3 629
Helse Vest IKT	-844	3 002	-3 846	2 906	4 494	-1 587	2 317	4 446	-2 129
Til saman	41 421	33 232	8 189	43 810	20 339	23 471	251 938	160 406	91 533

Alle tall i helle tusen

Akkumulert resultat pr juli er positivt med kr 251,9 mill som er kr 91,5 mill betre enn budsjett.

Helse Stavanger




Alle tall i helle tusen

Føretaket hadde i juni eit positivt resultat på kr 3,3 mill som var om lag som budsjettert. Resultatet i juli er minus kr 0,7 mill som er kr 2,7 mill dårlegare enn budsjettert. Etter sju månader har føretaket eit positivt akkumulert resultat på kr 27,8 mill som utgjør eit positivt budsjettavvik på kr 4,5 mill.

Inntektssida viser eit positivt avvik på kr 48,2 mill som hovudsakleg skuldast høg aktivitet. Kostnadssida viser eit negativt budsjett avvik på kr 44,8 mill der lønnskostnadane (inkludert å innleige) utgjør kr 3,0 mill. Lønnsavviket på innleige frå eksterne aktørar er på kr 5,4 mill og er i all hovudsak på innleige av sjukepleiarar. Føretaket melder at kr 10,4 mill av lønnskostnadane er relatert til eksternt finansierte prosjekt og at føretaket justert for dette har eit positivt avvik på lønn på kr 7,4 mill. Dei medisinske varekostnadane viser eit negativt avvik på kr 24,4 mill og ein må sjå delar av dette i samanheng med høgare pasientrelaterte inntekter enn budsjettert. Gjestepasientar viser eit negativt avvik på kr 24,8 mill og føretaket analyserer nå årsakene til dette for å kunne sette i verk tiltak som kan redusere avviket.

Helse Fonna




Alle tall i helle tusen

Resultatet i juni viste eit underskot på kr 0,8 mill mot eit budsjettert overskot på kr 0,9 mill. Dette gir eit negativt budsjettavvik på kr 1,7 mill. Resultatet for juli var på minus kr 1,4 mill som er kr 2,2 mill svakare enn budsjettert. Akkumulert resultat pr juli er minus kr 6,6 mill mot eit budsjettert resultat på pluss kr 6,1 mill som gir eit negativt budsjettavvik på kr 12,7 mill.

Etter sju månader viser inntektene eit positivt avvik på kr 8,6 mill medan kostnadssida har eit negativt avvik på kr 21,4 mill. Personalkostnadane inkludert innleige av personell frå byrå viser eit akkumulert avvik på kr 20,5 mill. Dette er 2,4 mill svakare enn i mai.

Andre driftskostnader har eit negativt avvik på kr 0,6 mill noko som er ei forbetring sidan siste rapportering og kjem hovudsakeleg av ei nedjustering av tidligare estimat på kjøp av IKT tenester i samband med innføringa av ny elektronisk pasientjournal.

Helse Bergen




Alle tall i helle tusen

Resultatet for juni månad viser eit overskot på kr 53,7 mill som er kr 29,7 mill betre enn budsjettert. Resultatet i juli er på kr 9,1 mill som er kr 1,7 mill betre enn budsjettert. Rekneskapan etter sju månadar viser eit resultat på ca kr 140,2 mill som er kr 41,1 mill betre enn budsjettert.

Inntektene viser eit positivt budsjettavvik på omlag kr 69 mill og skuldast i hovudsak høg aktivitet i føretaket, medan driftskostnadane viser eit negativt budsjettavvik på ca kr 32 mill.

Lønnskostnad og ekstern innleige viser eit marginalt positivt budsjettavvik, i underkant av kr 5 mill. Avviket på kjøp av helsetenester er i hovudsak knytt til psykiatri og rus. Avviket på annan driftskostnad er hovudsakeleg knytt til mindrekostnad til pasienttransport. Avviket på varekostnad medikament er knytt til biologiske legemiddel, implantat og medisinske forbruksvarer. Dette skuldast den høge aktiviteten i føretaket hittil i år. Denne aktiviteten har og gitt meirinntekter. Etter sju månadar er det eit negativt budsjettavvik knytt til energikostnadar på om lag kr 13 mill.

Helse Førde



Alle tall i helle tusen

Resultatet i juni er negativt med kr 12,5 mill som er kr 9,4 mill svakare enn budsjett. Resultatet i juli er minus kr 0,6 mill som er kr 2,5 mill betre enn budsjettert. Bokført resultat etter sju månader er negativt med kr 29,9 mill som er kr 6,4 mill dårlegare enn budsjettert.

Inntektene hittil i år er kr 3,7 mill høgare enn budsjett. Kostnadssida syner eit akkumulert negativt avvik mot budsjett på kr 11,7 mill. Lønnskostnadane syner eit meirforbruk på kr 7,6 mill. Varekostnader har eit meirforbruk på kr 1,7 mill og meirforbruket knytt til andre driftskostnader utgjer kr 1,4 mill. Finanskostnadane syner eit mindreforbruk på kr 1,5 mill målt mot budsjett.

Kjøp av helsetenester

Etter sju månader er resultatet kr 61,2 mill betre enn budsjettert. Det positive avviket er hovudsakleg knytt til kjøp av lab-/ røntgentenester og mindreforbruk knytt til fellesprosjekt.

Administrasjonen

Resultatet pr juli er kr 3,6 mill betre enn budsjettert og skuldast hovudsakleg lågare bemannings- og konsulentbruk enn planlagt.

Sjukehusapoteka Vest

Føretaket har i juni eit negativt budsjettavvik på kr 0,3 mill medan resultatet i juli er omlag som budsjettert. Akkumulert resultat pr juli er kr 10,2 mill som er kr 2,3 mill betre enn budsjett. Varesalsinntektene er kr 1,7 mill over budsjett, mens tenestesalet er kr 1,4 mill under budsjett. Personalkostnadane er kr 2,4 mill under budsjett. Lågare kurs- og rekrutteringskostnader som vil kome utover i året, samt ledige stillingar er årsaka til dette. Andre driftskostnader er kr 1,2 mill under budsjett, mens finansinntektene er kr 0,6 mill over.

Helse Vest IKT AS

Resultatet i juni var kr 3,8 mill dårlegare enn budsjettert og i juli var resultatet kr 1,6 mill dårlegare enn budsjettert. Akkumulert resultat pr juli er kr 2,3 mill som er kr 2,1 mill svakare enn budsjettert.

5.2 Omstilling

Helse Stavanger

Pr juli måned har føretaket realisert 58 % av planlagt effekt av omstillingstiltaka. Det er særlig MOBA og psykiatrisk divisjon som kan vise til ei forbetra effekt på lønntiltaka i juli. Det er spesielt Psykiatrisk divisjon og Intern Service som har utfordringar med å oppnå effekt av dei planlagde tiltaka.

Helse Fonna

Føretaket la i juni inn nye tiltak slik at samla omstillingspakke nå er på kr 60 mill. Mesteparten av realiseringa er planlagt frå og med august. Pr juli er det bare realisert kr 2,6 mill som utgjer 16 % av planen. Ved årets slutt melder føretaket at dei forventar ei realisert effekt på kr 35,5 mill som utgjer 59 % av samla tiltakspakke.

Helse Bergen

Føretaket rapporterer ikkje på spesifikke omstillingstiltak.

Helse Førde

Føretaket melder om ei realisering på 73% av planlagt effekt pr juli. For året totalt melder føretaket ei prognose som skal gi 89 % realisering frå dei utarbeida omstillingstiltaka på til saman kr 31,5 mill.

5.3 Prognose

	Heile året		
	Prognose	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest	13 800	13 800	0
Helse Bergen	140 000	140 000	0
Helse Fonna	1 450	10 000	-8 550
Helse Førde	-60 000	-40 000	-20 000
Helse Stavanger	40 000	40 000	0
Fellesområde, føretaksgruppa	68 550	40 000	28 550
Administrasjonen	0	0	0
Helse Vest IKT	300	300	0
Sum	204 100	204 100	0

Alle tall i heile tusen

Alle føretak med unntak av Helse Fonna og Helse Førde i føretaksgruppa melder ei prognose som tilsvarer budsjettert resultatkrav.


Helse Fonna si prognose pr juli viser eit overskot på kr 1,5 mill som er kr 8,5 mill svakare enn budsjettert resultatkrav. Denne prognosen er inkludert forventa effekt av oppdatert tiltakspakke.

Forventa resultat for fellesområdet i føretaksgruppa er justert til kr 68,6 mill. Grunnen til dette er hovudsakleg lågare kjøp av helsetenester frå andre enn planlagd.

Helse Førde har utarbeidd ei prognose for året som viser eit resultat som kr 20 mill dårlegare enn budsjettert. Hovudårsaka til avviket er knytt til lønnsområdet generelt og lønnsoppgjeret spesielt. Prognosen blir oppdatert i august/september.

5.4 Likviditet


Helse Vest har ved utgangen av juli ein netto likviditet på minus kr 560 mill. Grafen under viser forventa utvikling i netto driftskreditt for året.




Driftskredittramma vil i løpet av året bli redusert og ved utgangen av året vil den vere på kr 1,998 mrd. Samla sett er likevel driftskredittramma vurdert til å vere tilstrekkeleg. Helse Vest vil ha ei tett oppfølging av likviditetssituasjonen framover og om nødvendig må det treffast tiltak for å sikre likviditetstilgangen i konsernet.

6. Medarbeidarar

Føretaksgruppa Helse Vest – Sjukefråvær



Utvikling sjukefråvær målt i sjukefråværsdagsverk:




Måltallet Helse Vest har på sjukefråvær er 5,5 %.

Del einingar med totalt sjukefråvær under 5,5 %

Foretaka i Helse Vest	Tal enheter totalt	Tal enheter < 5,5% totalt sjukefråvær	Andel under 5,5%
Januar	1466	811	55,32 %
Februar	1484	888	59,84 %
mars	1495	891	59,60 %
April	1495	961	64,28 %
Mai	1486	946	63,66 %
Juni	1511	981	64,92 %
Juli	1542	1045	67,77 %

Føretaksgruppa Helse Vest – Månadsverk



Oppfølging av variable timar hittil i år i føretaksgruppa i Helse Vest

Helseføretaka i Helse Vest	201008	201108	Endring 2010-2011	% endring
Merarbeid i kroner	175 350 032	194 687 820	19 337 788	11 %
Overtid i kroner	206 867 857	226 464 017	19 596 159	9 %
Merarbeid i timer	1 056 305	1 087 867	31 562	3 %
Overtid i timer	490 530	510 307	19 776	4 %
Brutto månedsverk	146 799	150 187	3 388	2 %

Føretaksgruppa Helse Vest – Deltid

Det er om lag 1.800 tilsette som har registrert sin profil.

Andel deltid og gjennomsnittlig stillingsprosent for utlønningsprosent, juridisk stillingsprosent og justert stillingsprosent for periode: 201108 og foretak: (Alle)

	Andel deltid	Gjennomsnittlig stillingsprosent	Måltall
Utlønningsprosent	42,64 %	83,97 %	
Juridisk stillingsprosent	42,16 %	84,13 %	
Justert stillingsprosent	39,17 %	85,17 %	87,70 %

Oversikt over faste tilsette, fordeling på deltid og heiltid.

Tal medarbeidarar fordelt på total stillingsprosent og tid for org. eining Alle

	Deltid	Heiltid	Totalt
		100 %	
201101	7 645	9 904	17 549
201102	7 656	9 936	17 592
201103	7 691	9 978	17 669
201104	7 676	9 987	17 663
201105	7 656	10 003	17 659
201106	7 515	10 215	17 730
201107	7 445	10 206	17 651
201108	7 548	10 122	17 670

Data overført frå Agresso: 19.08.2011 10:35


Tabell årsaker til deltid:

Deltidskartlegging fordelt på årsakskoder og stillingsreduksjonsprosent. For foretak: (Alle), ønske om høyere stillingsprosent: (Alle), kan starte i høyere stillingsbrøk: (Alle) og periode: 201108

	Ikkje svar på spørsmålet om kor stor stillingsreduksjonsprosent dei har	0,1 % - 99,9 %	100 %	Totalt
Andre årsaker	411	253	5	669
Etter eget ønske	412	360	1	773
Gradert sykemelding	0	5	0	5
Gradert tilrettelegging	1	5	0	6
Gradert uførepensjon	12	77	0	89
Ikke registrert årsak/ikke relevant	59	14	0	73
Redusert stilling grunnet helsemessige årsaker	19	52	0	71
Redusert stilling pga sosiale eller andre vektige velferdsgrunner	6	53	0	59
Stilling hos annen arbeidsgiver	43	16	0	59
Stilling/bistilling utdanningsinstitusjon	14	7	0	21
Utdanningspermisjon	2	3	0	5
Gradert AFP/alderspensjon	3	16	0	19
Totalt	982	861	6	1849


Helse Stavanger

Sjukefråvær




70,47 % av einingane i Helse Stavanger HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5%

Månadsverk




Helse Fonna

Sjukefråvær




62,50 % av einingane i Helse Fonna HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5%

Månadsverk




Helse Bergen

Sjukefråvær




63,57 % av einingane i Helse Bergen HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5%

Månadsverk




Helse Førde

Sjukefråvær




74,07 % av einingane i Helse Førde HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5%

Månadsverk




Sjukehusapoteka Vest

Sjukefråvær




60,61 % av einingane i Sjukehusapoteka Vest HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5%

Månadsverk




Helse Vest IKT

Sjukefråvær



92,31 % av einingane i Helse Vest IKT AS har eit totalt sjukefråvær under 5,5%

Månadsverk



7. Omdømme

I juli har det ikkje vore gjennomført omdømmemåling. Resultat av måling i august vil bli presentert på styremøtet i oktober.

Det blir og gjort ei vurdering av form og innhald i rapporteringa til styret i forhold til omdømme. Styret vil få framlagt eit notat om dette i løpet av hausten 2011.